



Austevoll kommune

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Vår ref. 15/1192-17/11519JpID/MST	Arkivkode 15/1192	Dykkar ref.	Dato 20.09.2017
---	-----------------------------	--------------------	---------------------------

Finansiering av ny nattavgang i Hufthamar-Krokeide

Det vert bede om at dette brevet vert sende til:

- *Fungerande fylkesordførar Pål Kårbo*
- *Fylkesutvalet i Hordaland*
- *Medlemmane i utval for miljø og samferdsel*

Austevoll kommunestyre har i møte torsdag 14. september 2017 vedteke å sende slik uttale til Hordaland fylkeskommune, ved fylkesordførar, medlemmane i fylkesutvalet og utval for miljø og samferdsel.

Uttale:

Austevoll kommunestyre viser til uttalar til Hordaland fylkeskommune og møter med politisk og administrativ leiing knytt til rutetilbodet i ferjesambanda til og frå Austevoll.

Austevoll kommune jobbar for at samfunnet vårt har eit rutetilbod som svarar på det reelle transportbehov til næringsliv, innbyggjarar, pendlarar og andre reisande. Det er mange bedrifter i Austevoll og svært høg næringsaktivitet. Kombinert med folketalsvekst og reiselivsaktivitet er det naudsynt at rutetilbodet vert styrka når Fjord1 overtar 1.1.2018.

Eit samla Austevoll kommunestyre ber med dette om at Hordaland fylkeskommune sikrar midlar til å finansiere éin ny, dagleg rundtur i Hufthamar-Krokeide, med avgang frå Hufthamar som er tilpassa havbruksnærings transportbehov, tidlegast kl. 01.00. Skyss har rekna ut at dette vil utgjere ein kostnad på 4,8 til 6,1 millionar kroner, før fråtrekk av auka billettinntekter.

Kommunestyret vil samstundes understreke at det er kjent med at Hordaland fylkeskommune har auka kostnader til ferjedrift i åra framover, også når det gjeld dei to ferjesambanda som trafikkerer til og frå Austevoll. Austevoll kommune har bede om andre styrkingar i tillegg til ny nattavgang, blant anna utvida opningstid i Husavik-Sandvikvåg. Dette vert likevel ikkje fremje som krav igjen her, og kommunestyret har forståing for at ikkje alle ønska vil kunne finansierast med det første. Kommunestyret meiner vidare at det er fornuftig at Hordaland fylkeskommune

har inngått bruttokontraktar, slik at kostnader og inntekter går til fylkeskommunen og slik at det vert synleg for almenta kva nettokostnader ferjedrifta har.

I samband med uttale november 2015 la Austevoll kommune med talgrunnlag for ferjesambanda i Austevoll. Formålet var å vise trafikkutviklinga og trafikkbehovet. Dette dokumentet er ikkje oppdatert, men vert likevel lagt ved dette brevet. Dokumentet kan supplerast med informasjon frå fylkeskommunens egne årsmeldingar for kollektivtransporten der trafikkveksten i sambanda våre kjem fram. Austevoll er den største kommunen i landet som ikkje har alternativ til ferja, så eit teneleg ferjetilbod er fullstendig avgjerande for den vidare utviklinga av samfunnet vårt og ikkje minst aktiviteten, sysselsettinga og verdiskapinga i næringslivet.

Austevoll kommunestyre viser til at trafikkveksten og -behovet tilseier at rutetilbodet må styrkast med minst éin dagleg avgang på nattestid. Hovudgrunnen til kravet frå Austevoll-samfunnet er å sikre auka produksjon ved Austevoll laksepakkeri og ei utviding av dette produksjonsanlegget. Investeringa er på rundt 500 millionar kroner, og altså ei investering i næringslivet som er monaleg også i eit regionalt perspektiv. Den auka aktiviteten i næringslivet vil naturlegvis medføre ein auka trafikk og auka billettinntekter. Austevoll kommune er ikkje i posisjon til å estimere kva inntekter dette kan gi, men det er openbart at heilårsverknad av auka transport av vogntog og personbilar kan utlikne for ein del av kostnadsauken.

Me ber derfor om at Hordaland fylkeskommune sikrar finansiering av nattavgang i Hufthamar-Krokeide, og så skal me ikkje be om så mykje til ferjer på ei stund.

For Austevoll kommunestyre

Morten Storebø
ordførar

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel
20.09.2017	Ferjetilbod_Austevoll_021115